



Kenneth Rasmussen har brent spesialkaffi for SmakifråOska.

Roy Lervåg og Smakifrå lanserer stadig spennande nytt. Det siste nye er at dei no har fått spesialbrent kaffiblanding frå Bergen Kaffebrenneri. Dei som er på lørdagscafé i dag, og er gjester framover, kan få servert denne kaffien som Lervåg er svært fornøgd med. Det er også ein uskedeling som har stått for brenninga, Kenneth Rasmussen.

- I første omgang vert kaffien servert på Oska, fortel Lervåg, vel vitande om at forskjellige, spennande kaffivariantar vert stadig meir populære. Han legg også til at det kan verta aktuelt å få pakka Smakifråkaffien med tanke på salg til heimebruk.

Lervåg håpar også å få til ein kaffikveld med besøk av kaffikunstnarane frå Bergen Kaffebrenneri der det vert mulighet til å smake ulike kaffivariantar og få noko godt å ete til. Det er allereie velkjent at Lervåg er ein særdeles dyktig kokk. Etter kvart vert det klart at han er noko langt meir. Kreativ og nytenkjande som han er, dukkar det opp stadig nye og spennande tilbod på SmakifråOska. Gjennom Lervåg har Uskedalen fått noko svært spennande som vil ha interesse for mange, og som vil ha stor verdi for bygda!

Dersom de klikkar inn [her](#), kan de etter litt reklame sjå eit innslag frå TV2 om Kenneth Rasmussen og Bergen Kaffebrenneri.

Vi har tidlegare hatt ein artikkel om kaffibrennaren Kenneth. [Den finn de her](#).

I dag er det lørdagscafé på Oska frå kl12 og utover, og i morgon vert det invitert til spennande middagar i samband med morsdag og Valentinesdag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Bergen Kaffebrenneri.